

Ommedal grunneigarlag
v/Kåre Teigland
6829 Hyen

07.06.2014

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

NY 132KV-LINJE MELLOM GJENGEDAL OG STOREBRU – UTTALE TIL KONSESJONSSØKNAD

Vi viser til konsesjonssøknad frå SFE Nett AS (SFE) gjeldande ny 132Kv-linja frå Gjengedal til Storebru. Linja er naudsynt for å transportere ut kraft frå det konsesjonssøkte Gjengedal kraftverk. I tillegg vert det hevda at linja er naudsynt for at konsesjonssøkte og planlagde småkraftverk i området skal kunne realiserast. Linja er definert som ei rein produksjonslinje og vil ikkje vere naudsynt for den lokale forsyningstryggleiken.

Ommedal Grunneigarlag går i mot den omsøkte linja. Både miljømessige og økonomiske konsekvensar vil vere for store i høve til den verdiskapinga den kan bidra til.

Grunngjeving

Bygginga av linja vil bidra til negativ lokal verdiskaping. Dei tre eksisterande småkraftverka i Hyen vil få så stor auke i innmatingskostnadane sine at dei vil gå med underskot. I verste fall vil dette kunne ende med konkurs og/eller avhending.

Det er ikkje realistisk at alle dei planlagde småkraftverka i området blir realisert så lenge reglane for innmatingsavgift er slik dei er. Ein kan også spørje seg om det er ynskjeleg, den samla belastinga i Hyen vil vere svært stor om kvar ein liten bekk skal byggjast ut. I konsesjonssøknaden går det likevel fram at den eksisterande 66Kv-linja i området har kapasitet til nokon av dei planlagde kraftverka. Det er kanskje nok?

Linja er konsesjonssøkt med fleire alternative trasear. Alle er plassert skjemmande i terrenget og er i konflikt med inngrepsfri natur og viktige naturområde fleire plassar. Naturen i Hyen er ein viktig faktor for å tiltrekke seg turistar og skape trivsel for innbyggjarane. Blir linja bygd slik den er konsesjonssøkt vil dette ha negativ effekt for både turisme og bulyst.

Linja er planlagt slik at den vil avskjere deler av beiteområda til villreinen.

Traseen frå Gjengedal til Røyrvik er omsøkt med to forskjellige alternativ. Alternativ A1 og A2. A2 er prioritert alternativ frå utbyggar. Dette er mellom anna grunngjeve med at dei har motteke innspel frå lokale grunneigarar. Dette er direkte feil. Alternativet er kome til etter meldingsfasen og dei berørte grunneigarane har ikkje verken kome med innspel eller blitt informert om traseendringa. Alt. A2 er teikna over elva i bekkekløfta frå Gjengedalsfossen til Klype. Ved Klype går den rett over nokon av dei viktigaste fiskehølane i den lakseførande Ommedalselva. Fjerning av vegetasjon innanfor sikringsavstanden til linja vil medføre auka erosjon og fare for ras i bekkekløfta.

Både alternativ A1 og A2 er i direkte konflikt med bekkekløfta mellom Gjengedalsfossen og Klype. Bekkekløfta er kategorisert og verdsett som eit naturområde med stor regional og nasjonal verdi. Konsekvensutgreiingane som er gjort i samband med konsesjonssøknaden er svært mangelfulle med tanke på bekkekløfta.

Både havørn og hegre jaktar i og langs elva og hubro er observert i området ved fleire høve. Plassering av ei linje som kryssar og går langs elva vil vere til hinder for denne aktiviteten og utgjere ein stor fare for kollisjon.

Alternativ A1 er i konflikt med landbruks, skogbruks- og beiteareal og vil leggje store begrensingar i bruken/driften av desse areala.

Alternativ A2 er i konflikt med alle bygningane (bustader og fritidsbustader) som eksisterer langs traseen.

Både Gjengedalsgjølet og området rundt Klype er definert som viktige naturområder i Miljødirektoratet sin Naturbase. Alternativ A2 er i konflikt med begge.

Konklusjon

Utanom Gjengedal Kraftverk vil bygging av ny linje ikkje føre til auka verdiskaping i det heile. Snarare tvert om. Dei miljømessige konsekvensane og konsekvensane for utøving av fiske, friluftsliv og turisme vil vere store.

Vi krev at NVE ikkje gjev konsesjon til ny 132Kv-linje mellom Gjengedal og Storebru.

Helsing

Kåre Teigland
på vegne av Ommedal Grunneigarlag